

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 22/2019, 7. JUNI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

STYREMØTE 13. JUNI: LES STYRESAKENE

Det siste styremøtet i vår går torsdag 13. juni. Det er også det siste styremøtet for styret som har fungert frå august 2015.

Her er styresakene:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

NYTT STYRE I STUDENTPARLAMENTET: TRYM RIMMEN NY LEIAR

Studentparlamentet har valt Trym Nikolas Rimmen som leiar for det neste året. Rimmen er student på musikk. Han får med seg Paloma Lorenzale Alonso, Erlend Ausland Rossen, Mathilde Gaalaas-Berg og David Bernatek i styret.

<https://www.hivolda.no/nyhende/her-er-det-nye-styret-studentparlamentet>

VOLDASTUDENT CAROLINE ERVIKSÆTER LEIAR FORSKARFORBUNDETS STUDENTUTVALG:

Forskarforbundet har oppretta sitt eige studentutval, og Caroline Erviksæter, Høgskulen i Volda, er den første leiaren for utvalet.

<https://www.forskerforbundet.no/nyheter/2019/studentutvalget-er-i-gang/>

PÅMINNING: NASJONAL SPØRJEUNDERSØKING OM TRAKASSERING: SVARFRIST 9. JUNI

Høgskulen i Volda deltek i Universitetet i Agder (UIA) si nasjonale undersøking av omfang på mobbing og trakassering i høgskule- og universitetssektoren. Kartlegginga blir gjennomført gjennom spørjeskjema til alle tilsette på institusjonane som deltek i undersøkinga. Tilsette har fått e-post med invitasjon til deltaking og det har også vorte sendt ut purring. Svarfristen går ut 9. juni. Volda er blant institusjonane med høgast svarprosent i sektoren med ca 60 prosent. Resultata blir offentleggjort til hausten.

JUBILEUMSMARKERING OG SOMMARAVSLUTNING 20. JUNI: HERNES KJEM - KJEM DU?

Sommaravslutninga vert i år halden torsdag 20. juni kl 14.00. Datoen er vald fordi det då er på dagen 50 år sidan Stortinget vedtok å opprette DH-skular. Blant anna i Volda. Og som ei prøveordning. I år er det også 25 år sidan dåverande kunnskapsminister Gudmund Hernes stod fadder for samanslåinga av Volda lærarhøgskule og DH-skulen i Volda. Og då passar det bra at det er Hernes sjølv som held ein tale for dagen på sjølve sommaravslutninga. Blant anna er alle tidlegare rektorar på DH-skulen og Volda lærarhøgskule inviterte - i tillegg til andre med interesse- og hjarte for skulestaden Volda.

Det vil kome ein eigen e-post med påmelding til sommaravslutninga - vi må vite kor mykje mat som trengst!

PS: På dette blogginnlegget finn du blant anna eit bilde av Måseidvåg, Hernes og Halse. Dei kjem på jubileumsmarkeringa/sommaravslutninga alle tre!

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/01/16/nes-utan-hogskule/>

JUBILEUMSMARKERING (2): MINI-SEMINAR 20. JUNI: JØRGEN AMDAM, GUDMUND HERNES OG INGEBJØRN BLEIDVIN

Torsdag 20. juni blir det også eit mini-seminar i regi av "Forum for høgskulehistorie" med frie nedslag frå starten i 1969 (Jørgen Amdam), samanslåinga i 1994 (Gudmund Hernes) og - kva no? (Ingebjørn Bleidvin). Dette skjer i vesle auditorium på BK, eventuelt i store auditorium om det skulle bli veldig trangt i vesle BK. Bleidvin har markert seg blant anna med ein skarpkanta kommentar i Bergens Tidende og Khrono om utviklinga for Nord Universitet og Høgskulen på Vestlandet: <https://khrono.no/bleidvin-hvl-nord/forskning-for-ein-kvar-pris/281364>

ster-2019-host

JURISTFORUM: 27 JURISTAR MØTTEST PÅ HØGSKULEN

Forskningsgruppa i juss har i samarbeid med rektoratet invitert juristane på Søre Sunnmøre til ein juristlunsj med arbeidsnamnet Juristforum. Heile 27 juristar møtte opp på samlinga som vil bli vidareført om deltakarane er interesserte i det. Føremålet er å gi juristar i regionen kjennskap til fag- og forskingsområde for juristane på Høgskulen i Volda, og å kople juristane på Høgskulen i Volda på aktuelle spørsmål som juristane i regionen arbeider med.

Deltakarane kom i tillegg frå Høgskulen i Volda også frå Søre Sunnmøre Tingrett, NAV, HELFO kommunar og fleire private advokatfirma frå Søre Sunnmøre og Nordfjord.

Les rektors helsing til juristmøtet på rektorbloggen:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/06/07/helsing-pa-juristlunsi-hogskulen-i-volda-7-juni-2019/>

FORSKINGSUTVALET TEK EKSTRAMØTE: FORDELING AV FOU-STIPEND OG STIPENDIATSTILLINGAR

Forskingsutvalet vil ha eit ekstramøte der fordeling av FoU-stipend for 2020 og prioritering av stipendiatstillingar står på dagsorden.

NYTT OM TILSETTE

Maia Lisa Hjelmeseth Vik har vorte tilsett i 100 % fast stilling i studieadministrasjonen.

Helene Brustad Eskeland har vorte tilsett i 100 % fast stilling i administrasjonen ved avdeling for samfunnsfag og historie.

Silje Katrine Brovold Birknes har fått opprykk til høgskulelektor.

Jorun Irene Halvorsen og Astrid R. Langvatn har slutta ved Høgskulen i Volda.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre:

<http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

6.6.2019: Overlappingsseminar med avtroppande og påtroppande dekanar og rektorat

7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda

11.6.2019: Møte i Forskingsutvalet (FoU-stipend og stipendiatstillingar)

12.-13.6.2019: Innovasjonscamp. <https://www.hivolda.no/studietilbod/fra-elev-til-student/innovasjonscamp-2019>

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk.

<https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

21.6.2019: ASH Semesteravslutning

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret.
<https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

Partnerskap og berekraftig samarbeid mellom Høgskulen i Volda og kommunar/skular på Sunnmøre - innlegg på Sunnmøre regionråds representantskapsmøte på Høgskulen i Volda, 7.juni 2019.

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/06/07/partnerskap-og-berekraftig-samarbeid-mellom-hogskulen-i-volda-og-kommunar-og-skular-pa-sunnmore/>

Helsing på Juristforum for Søre Sunnmøre, 7.6.2019

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/06/07/helsing-pa-juristlunsj-hogskulen-i-volda-7-juni-2019/>

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i

solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-

oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>